

Til Sogn og Fjordane Fylkeskommune

13.01.2017

Bakgrunn for brevet:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med kommunane Flora, Førde, Gloppen, Sogndal og Stiftelsen Harmonien (Bergen Filharmoniske Orkester) Samarbeidet starta i 2000 og gjeldande avtale periode er august 2014 – juli 2017. Avtalen kan forlengast til 2019, med frist for oppseiing 1. februar 2017.

I møte 7. januar 2017 uttalte Stiftinga Harmonien at dei er svært nøgde med samarbeidet og at dei gjerne forlenger avtalen, men at dei av omsyn til si planlegging må vite om avtalen vert forlenga eller ikkje innan fristen 1. februar 2017. Kommunane Flora, Førde, Gloppen og Sogndal er og svært nøgde med avtalen og ynskjer å vidareføre den. På møtet vart det semje om å oppmode fylkeskommunen om å forlenge avtalen til 2019, ma. fordi:

- **Tilgang på kulturopplevingar:** Innbyggjarane i Sogn og Fjordane skal ha tilgang til kulturopplevingar på profesjonell nivå. (jf. Sogn og Fjordane Fylkeskommune Kulturstrategi 2015-2018)
- **Partnerskap:** Det har vore eit fruktbart samarbeid mellom BFO, fylkeskommunen og kommunane i 17 år som bør halda fram. «Gjennom forpliktande utviklingsavtalar skal ein skape godt kulturarbeid i fylket, gode samarbeidsrelasjonar og måloppnåing.» (Sogn og Fjordane Fylkeskommune Kulturstrategi 2015-2018)
- **Framtidsperspektiv:** Det er for tida mange usikre faktorar, som ev fylke- og kommunesamanslåing, difor er det lurt å «kjøpe seg tid» for å rigge seg betre mot framtida.
- **Evaluering:** Ein bør bruke 2017 og første del av 2018 til utgreiing/evaluering slik at nytt vedtak om eit framtidig samarbeid kan gjerast hausten 2018.
- **Verdien av samarbeidet:** Fylkeskommune og kommunane sitt samla tilskot utløyste eit økonomisk bidrag frå BFO på om lag 1,15 millionar kroner i 2015



Kort om økonomi:

I samsvar med avtalen betaler kommunane 90.000 kr per gjennomført konsert og behold billettinntektene. Sogn og Fjordane Fylkeskommune betaler 55.000 kr per konsert. I 2015 gjennomførte BFO fem konsertar i Sogn og Fjordane. Kostnaden for BFO, etter fråtrekk av kommunane/fylket sin del, var 1.152.000 kr. BFO sin del tilsvarer 230.000 kr per konsert.

Om samarbeidet:





Bergen filharmoniske orkester(BFO) har sidan år 2000 hatt konsertar i Sogn og Fjordane som ein del av sitt faste program. Dette har ein fått til gjennom eit avtalefesta samarbeid mellom BFO og Flora, Førde, Sogndal og Gloppen kommunar. Resultatet av dette samarbeidet har vore svært godt. Særskilt nyttårskonsertane har vore musikalske høgdepunkt med fulle hus og eksepsjonelt høg kvalitet og soleis eit svært verdfullt tilskot til kulturlivet i fylket.

I tillegg har vi dei unge talenta frå fylket som vi kan møte igjen som solistar med BFO, som td. den talentfulle sopranen Annika Beinnes, som var solist med BFO ved nyttårskonsertane i 2015. Ho er også med i GUT (Griegakademiets unge talenter) som vert nytta som solistar med BFO. "Bli inspirert" er eit BFO-prosjekt retta mot skulen, som vi her i fylket også har fått prøvd ut i samband med konsertar med BFO der elevar i grunnskulen har vore målgruppa. BFO har også hatt reine skulekonsertar, td. i Førdehuset der over 800 elevar frå Førde og området rundt deltok. Det må også nemnast at BFO har hatt ein konsert i Trivselshagen på Sandane i samarbeid med danselinja på Firda vgs, som er fylkesdekkande på musikk, dans og drama.

BFO har deltatt i Gloppen musikkfest med svært godt resultat. Det er opning for at samarbeidet kan fortsette med deltaking i Gloppen Musikkfest 2018, men då må avtalen forlengast.

Med tanke på utforminga av ein framtidig region er det viktig å legge til rette for godt samarbeid, der kultur inngår i eit større regionalt kulturpolitisk perspektiv. Til sist må det også nemnast at kulturhusa i fylket fortener konsertar av denne typen, og det er også til dels investert ein god del av fylkeskommunale og kommunale midlar dei seinare åra for å optimalisere tilhøva for eit symfoniorkester i dette formatet, t.d. i Storsalen i Førdehuset og Kultursalen i Trivselshagen.

Vi vil be Sogn og Fjordane fylkeskommune om å forlengje samarbeidet med BFO til og med 2019. Stiftinga Harmonien og kommunane Flora, Førde, Gloppen og Sogndal har eit sterkt ynskje om eit vidare samarbeid. Flora, Førde Sogndal og Gloppen kommune deltek gjerne i ei utgreiing av framtidig samarbeid i løpet av 2017 og 2018.

			
Ola Teigen Ordførar Flora kommune	Olve Grotle Ordførar Førde kommune	Leidulf Gloppestad Ordførar Gloppen kommune	Jarle Aarvoll Ordførar Sogndal kommune